

Kåre Reigstad  
Osterfjordvegen 124  
5914 Isdalstø

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
23. 10. 2015	
Art. nr.	L. nr.
14/2637	
Saksn.	Tilgjengede

Gjervik 17.10.2015

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Klage på dispensasjonsvedtak - forlenging av løyve - gbnr 188/5 Gjervik Ytre - mellombels lagerhall.

Eg vil med dette klage på ovennevnte vedtak. Eg har registrert at Plan og Miljøutvalet vil gje forlenging av løyve til lagerhall og grunnlegg dette med at rulleringa av kommunedelplanen er forseinka i løyve til tidlegare foresetnad, då det første løyve vart gjeve i 2013.

Eg tykkjer det er trist at både me som naboar, turgåarar og alle andre som kvar dag går og kjører forbi deponiet på Gjervikflaten og har synet av eit jord, stein og asfaltdeponi like ved E39.

Utvalet gav mellombels løyve til oppføring av lagerhallen i 2013 på visse villkår. Desse villkåra har ikkje blitt fulgt opp av rådmannen. Eg tykkjer at utvalet kan følgja opp dei villkåra som dei sjølv satte og kjem med ein frist til tiltakshavar om når arealet skal vere tilbakeført i samsvar med planane for dette.

*Kåre Reigstad.*

Med helsing

Kåre Reigstad